

Kirkerådet

Dato: 14.03.2017

Deres ref.:

Vår ref.: 2016/15894 DAGN

### **Høring om ny ordning for utpeking av biskoper – uttalelse fra Det teologiske fakultet**

Vedlagt oversendes høringsuttalelse i sak om ny ordning for utpeking av biskoper i Den norske kirke.

Med hilsen

Aud V. Tønnessen  
dekan

Dag Myhre-Nielsen  
fakultetsdirektør

Dette dokumentet er godkjent elektronisk ved UiO og er derfor ikke signert.

Saksbehandler:

*Dag Myhre-Nielsen*

+4722850309, [dag.myhre-nielsen@teologi.uio.no](mailto:dag.myhre-nielsen@teologi.uio.no)



**Det teologiske fakultet**

Postadr.: Postboks 1023 Blindern, 0315 Oslo  
Kontoradr.: Domus Theologica  
Blindernveien 9

Telefon: +4722850300  
Telefaks: +4722850301  
postmottak@teologi.uio.no  
www.tf.uio.no  
Org.nr.: 971 035 854

## Høyring for utpeiking av biskopar

Det teologiske fakultet takkar for høvet til å la seg høyre i spørsmålet om ny ordning for utpeiking av biskopar.

I høyringsdokumentet frå februar 2016 om *Veivalg for fremtidig kirkeordning* var ein òg inne på spørsmålet. Det vart skissert fire moglege ordningar for å peike ut biskopar: 1) at den eksisterande ordninga blir ført vidare, evt. med justeringar, 2) at den eksisterande ordninga blir ført vidare, men at tilsetjing av biskopar skjer ved eit eige tilsetjingsorgan, 3) at det blir innført ei rein valordning for biskopar eller 4) at bispestillingane blir lyste ut og tilsett som andre stillingar. Kyrkjemøtet i 2016 valde ikkje å ta stilling til kva for ordning som skulle veljast, men bad Kyrkjerådet greie ut saka vidare og fremje ho for Kyrkjemøtet.

Med utgangspunkt i vegvalshøyringa har Kyrkjerådet vald ikkje å gå vidare med å greie ut alternativet med å lyse ut bispestillingane som andre stillingar, jf. punkt 4 ovanfor. Grunngevinga er at det var få av høyringsinstansane som støtta dette. Det teologiske fakultet beklagar at dette alternativet ikkje er med i høyringsdokumentet som her ligg føre. Etter fakultetets meinig talar viktige omsyn for at bispestillingane, som andre stillingar i kyrkja, burde bli lyste ut og tilsette utan ein føregåande nominasjons- og røysteprosess. Ei slik ordning ville lagt vekt på søkjarane sine kvalifikasjonar og kompetanse og medverka til ryddige og gjennomsiktlige prosessar ut frå allmenne reglar ved tilsetjing.

Bispenominasjonane slik dei blir praktiserte i noverande ordning, syner seg å vere lite gjennomsiktlige. Dei skjer i lukka rom, og omverda får ikkje innsyn i kva for overleggingar som bispedømmeråda har gjort seg før nominasjonane blir offentleggjorde. Det er vanskeleg å sjå at ei demokratisk folkekyrkje er tent med å føre vidare ein slik praksis. Det er heller ikkje utan vidare slik at ei nominasjonsordning er det som best sikrar eit breiast tilfang av moglege bispekandidatar. Dei siste nominasjonane har synt at det i stor grad er lokale kandidatar som når opp, og det synest å vere ei overvekt av prostar frå det aktuelle bispedømmet som vinn fram i nominasjonane.

Vidare er dagens utveljingsmåte omfattande og krevjande. Det er ein grunn til at mange med dagens ordning takkar nei til å utsetje seg for ein bispenominasjon. Fakultetet vil peike på at ingen andre leiarsstillingar i det norske samfunnet har same omfattande utveljings- og tilsetjingsprosess som tilfelle er med biskopane i Den norske kyrkja. Å gjere bispestillingane mogleg å søkje på, ville tent til å "allminneleggjere" dei. Den særskilte utveljingsmåten for biskop kan tolkast som at dette skulle vere ei kvalitativt sett anna stilling enn ei prestestilling. Men etter luthersk tenking er det ikkje eit prinsipielt skilje mellom ein biskop og ein prest. Bispestillinga er ei prestestilling, noko som mellom anna er tydeleggjort ved

at kvalifikasjonskrava for ein biskop er dei same som for ein prest. Det er *funksjonen* til biskopen som er annleis, ikkje konstitusjonen av stillinga.

Frå ein luthersk synsstad omfattar den kyrkjelege tenesta (prestetenesta) to oppgåver: å forkynne evangeliet og meddele sakramenta. For ved ordet og sakramenta som middel blir Den heilage Ande gjeven, han som verkar trua, kvarhelst og når Gud vil (CA V). Difor treng vi altså den kyrkjelege tenesta, for at menneska skal kome til den rettferdgjerande trua (jf. CA IV). Også biskopen inngår i tenesta med ord og sakrament. Den kyrkjelege tenesta er ei formidlingsteneste som ikkje er knytt til ein bestemt stand eller institusjonelle kjenneteikn. Dåpen er det eigentlege ordinasjonssakramentet. For å synleggjere at biskopen ikkje har ein annan status enn ein prest, burde derfor kyrkja hatt ein utveljings- og tilsetjingsmåte som let vere å setje bispestillinga i ei særstilling. Dette er for fakultetet avgjerande for å gå inn for utlysing og tilsetjing av biskopar i samsvar med vanlege tilsetjingsprosedyrar.

I ei slik ordning ville det vore føremålstenleg om det aktuelle bispedømmerådet var utlysings- og innstillingsorgan, medan kyrkjerådet var tilsetjingsorgan, slik tilfelle er i dag.

Dei tre alternativa for tilsetjing av biskopar som er greidd ut, og som høyringsinstansane er bedne om å ta stilling til, er for det første ei vidareføring av dagens ordning med visse justeringar. Det andre alternativet er mykje likt, men med den skilnaden at eit eige tilsetjingsorgan, ikkje Kyrkjerådet som i dag, skal tilsetje biskopane. Det alternativet som inneber den største skilnaden frå i dag, er ei valordning, slik vi kjenner det mellom anna frå dei andre folkekyrkjene i Skandinavia.

I utforminga av ei ordning for å velje ut biskopar blir høyringsinstansane bedne om å vurdere på kva måte ein mellom anna

- gjev høve til ein brei nominasjon av kandidatar
- kan sikre ein brei demokratisk påverknad og ei kvalifisert vurdering av kandidatane i prosessen
- kan ta omsyn både til bispedømmet sine ønske og heilskapskyrkjelege omsyn
- kan sikre ein rimeleg balanse mellom den vigsla tenesta og valde rådsmedlemmar

Av dei tre framlegga som er greidd ut i høyringsdokumentet, vurderer Det teologiske fakultet alternativ 1 og 3 som hovudalternativa. Alternativ 2 ser vi som mindre aktuelt. Dette innfører eit tilsetjingsråd som eit nytt organ i strukturen, noko vi meiner er ei unødig byråkratisk ordning i ein kyrkjeorganisasjon som treng mindre og ikkje meir byråkrati. Derfor kan vi ikkje rå til dette alternativet.

Alternativ 1, ei vidareføring av dagens tilsetjingsordning, har eit demokratisk problem knytt til den lukka nominasjonsprosessen. Det blir i høyringsdokumentet gjort framlegg om at nominasjonsmøtet i bispedømmerådet framleis skal haldast for lukka dører, og at rådslaginga skal vere hemmeleg. I det minste burde røystegjevinga og dermed kva for kandidatar som er vurderte, kome med i protokollen frå møtet.

Det må òg vere mogleg å nominere og/eller røyste på supplerande kandidatar. Det blir gjort framlegg om at minst 100 røysteføre frå minimum tre forskjellige prosti kan gå saman om å stille kandidat. Men det blir ikkje eksplisitt klarlagt i framlegget til reglar om også område utanfor det aktuelle bispedømmet kan vere med å stille kandidat. Av heilskapskyrkjelege omsyn meiner fakultetet at det er avgjerande at dette er mogleg. Dersom ein legg vekt på omsynet til at prosessen ikkje skal bli for langdryg, kan det tale for at det bør bli høve til å røyste på supplerande kandidatar, framfor tilleggsnominasjon.

I samband med alternativ 1 er det gjort framlegg om at prostane i alle bispedømme framleis skal ha røysterett, men ikkje dei teologiske professorane. Argumentasjonen for å fjerne professorane frå røystinga, er mellom anna at røystene deira i liten grad tilfører ei fagteologisk vurdering av kandidatane, fordi dei røyster utan grunngjeving (s. 21). Mot dette er det grunn til å innvende at kvalifiserte vurderingar ikkje utelukkande treng å vere knytt til grunngjeving av røystinga. Til grunn for røystinga til professorane vil det sjølvstundt kunne liggje ei fagteologisk vurdering sjølv om dei ikkje grunngjev røystene sine. Fakultetet er kritisk til at det blir gjort framlegg om at ingen frå denne gruppa lenger skal ha røysterett ved ei vidareføring av dagens ordning. I det minste bør representantane frå dei tre teologiske fakulteta med tale- og framleggsrett på Kyrkjemøtet ha røysterett for å medverke til å sikre ei kvalifisert vurdering av kandidatane.

I høyringsdokumentet blir det gjort framlegg om at røystene i alternativ 1 skal vektast. Fakultetet er usikker på om dette er naudsynt. Oversikta som er gitt i sakkokumentet med dagens røysteføre grupper, syner at vekting av røystene spelar ei liten rolle for resultatet. Det kan vere at dette stiller seg annleis når det blir endringar med omsyn til kven som kan røyste. Men fakultetet ser det ikkje som problematisk om det til dømes blir fleire leke enn geistlege med røysterett.

Viss biskopane skal halde fram med å ha uttalerett i samband med alternativ 1, slik dei har i dagens ordning, bør fråsegnene deira vere offentlege. Fakultetet vil meine at det er eit poeng at så mykje som mogleg i prosessen er ope for allmenta. Moglegvis kunne det enklaste vere om biskopane (unntatt avtroppande biskop i det aktuelle bispedømmet) tok del i røystinga saman med dei andre røysteføre gruppene.

Når det gjeld alternativ 3, bispeval, ser vi at denne ordninga kan ha ein fordel i at det blir klarare linjer kring tilsetjinga: den som vinn valet – i ein eller to valomgangar – blir tilsett. Eit tilsetjingsorgan skal ikkje inn i prosessen i siste runde, noko som vil tene til å forenkle prosessen. Det siste meiner fakultetet er eit poeng i seg sjølv. Vi ser det dessutan som ein fordel med ei valordning at ho vil kunne sikre brei støtte og oppslutnad om dei som til slutt blir valde som biskopar. Dette er mogleg gjennom å setje som krav at den som blir valt må ha ein valoppslutnad på minst 50 %. Det talar òg for ei valordning at dette er måten som biskopar i nabokyrkjene våre i Skandinavia blir peika ut på.

Det kan innvendast mot ei valordning at ho ikkje i tilstrekkeleg mon vil kunne sikre såkalla heilskapskyrkjelege omsyn og kvalifiserte vurderingar. Særleg vil det gjelde samansetnaden av bispekollegiet – i og med at det er sjølve valet som avgjer og ikkje eit tilsetjingsorgan som kan ivareta slike omsyn. Det heilskapskyrkjelege aspektet vil i særleg grad kunne seiast å bli skadelidande i ei valordning utan nominasjonsorgan, fordi det då ikkje vil vere eit organ som ”kvalitetssikrar” kandidatane. Til dømes vil det kunne bli vanskeleg å ivareta kjønnsbalanse.

Med bispedømmerådet som nominasjonsorgan gjeld det her dei same omsyn som vi har vore inne på tidlegare. Vi meiner det same må gjelde som under alternativ 1. Som eit minimum må forhandlingsprotokollen frå nominasjonsmøtet i bispedømmerådet innehalde informasjon om røystinga i rådet og kva for kandidatar som var inne i forhandlingane. Aller helst bør nominasjonsmøtet i bispedømmerådet vere opne.

I ei valordning med nominasjonsorgan meiner fakultetet at det må vere eit vilkår at representantar frå nasjonalt nivå tiltrer bispedømmerådet som nominasjonsorgan for å medverke til å ivareta heilskapskyrkjelege og overordna omsyn. Fakultetet går her inn for tre medlemmar av Kyrkjerådet, to leke og ein geistleg, slik saksdokumentet nemner (s. 16).

Fakultetet støttar vidare framlegget til kven som skal ha røysterett i ei valordning. Særleg vil vi framheve som viktig at det i samband med dette alternativet er gjort framlegg om at representantane frå dei tre teologiske fakulteta med tale- og framleggsrett på Kyrkjemøtet skal ha røysterett. Dette meiner vi som nemnt ovanfor òg bør gjelde ved alternativ 1 om denne skulle bli den endelege ordninga. I ei valordning vil ikkje biskopane ha uttalerett. Fakultetet går derfor inn for at dei røystar saman med dei andre røysteføre gruppene.

Kyrkjerådet går inn for at røystene òg ved ei valordning skal vektast. Som vi har vore inne på ovanfor, kan det stillast spørsmål med om det er naudsynt. Vi meiner vidare at det bør vurderast om kvar einskild

soknerådsmedlem skal ha ei røyst, slik som til dømes i den danske modellen, i staden for at kvart sokneråd røyster samla. Fakultetet er samd i framlegget om at den einskilde som tek del i valet, røyster berre på ein kandidat. Vi støttar dessutan at eit kyrkjeleg organ stadfestar valet når valresultatet ligg føre, og at dette er Kyrkjerådet.

*I valet mellom alternativ 1 og 3 og ut frå det som er sagt ovanfor, går Det teologiske fakultetet inn for alternativ 3, dvs. utpeiking av biskopar ved ei valordning (med nominasjonsorgan).*

Når det gjeld utpeiking av preses, går fakultetet inn for at denne stillinga blir tilsett på åremål. Dette har vorte ei vanleg tilsettingsform av leiarar i det norske samfunnet, og vi ser ingen grunn til at ikkje dette kan nyttast òg i Den norske kyrkja. Å nytte åremålstilsetjing, vil kunne medverke til større fokus på leiarrolla og betre kvaliteten på leiing i kyrkja. Gjennom å nytte åremål blir det gjeve signal om at leiarskapet primært er ein funksjon og ikkje ei livslang karriere. Ut frå dette omsynet meiner fakultetet at alle biskopane prinsipielt sett burde vere tilsett på åremål, men ser at dette ikkje er mogleg juridisk, slik høyringsdokumentet gjer greie for.

Også preses bør etter fakultetets meining veljast ved ei rein valordning. Her støttar vi at Bispemøtet er nominasjonsorgan, slik det er gjort framlegg om. Vi støttar elles framlegget til kven som skal røyste ved val av preses.